

Referat frå FAU-møte tysdag 29.04.25

Til stades:

Silje Fosse, 1.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 2.trinn

Karoline Bekkelund, 3.trinn

Lena Taksdal, 4.trinn

John Sægrov Holm, 5.trinn

Kristian Hognestad, 6.trinn

Zofia Nedrebø, 7.trinn

Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Asgeir Lystvet, avdelingsleiar

Sak 36. Olweusundersøkinga.

Info/ resultatorientering v. Asgeir. Høg trivsel. Nedgang i mobbing, ingen blir mobba over lang tid.

Tillit til vaksne har auka. Den prososiale tendensen har auka. Den mobbinga som er, er for det meste verbal på skuleplassen i friminutt/utan vaksen til stades. Felles foreldrebidrag blir lagt ut på heimesida og via FAU til klassegruppene. Asgeir lagar eit forslag som FAU godkjenner før det blir lagt ut.

Sak 37. Evaluering foreldremøte.

Bra presentasjon og gode diskusjonar. Dialogspelet fungerte bra. Presentasjon ligg ute på heimesida.

Sak 38. Fråværsrutinar/ Nærværsplan.

Orientering om nye rutinar. Dersom 10 dagar fråvær skjer det ei drøfting på skulen mellom kontaktlærar og rektor. Kontaktlærar ringer så heim eller kallar inn til møte. Dette blir dokumentert.

Sak 39. Varsling om fråvær.

Føresette får varsling om fråvær i Visma, men ikkje på orden og åtferd (gløymt gymklær, ulada iPad). Skulen tek kontakt direkte i staden for å senda varsel.

Sak 40. Skjermbruksutvalet 11.11.24.

NOU-rapport 2024:20; Det digitale livet. Ingveig orienterer. Me ser meir på dette til hausten. [NOU 2024: 20](#)

Sak 41. AL-bua/skulegarden dugnad.

John sjekker opp i bua og bilane, så tek me det derifrå. Blir ein dugnad etter 17.mai.

Sak 42. Trinnkasse og pengar frå FAU.

Dersom ein klasse vil på besøk til f.eks eit museum som kostar og skulen ikkje har råd til å betala, kan klassen spør FAU om midlar. FAU vurderer så i kvart tilfelle. Ingveig fører system for kven som får pengar.

Sak 43. 17. mai

Zofia stiller som duskedame til Kristian. Vi av ventar med nr 2, må sjekka opp.

Sak 44. Mapahoney.

Flyttes til 11 september. Me køyrer 17.00-18.30. John og Tormod sjekkar bilane, og evt. fikser opp. Lurt med fyrste FAU før 11.09.

Sak 45.

Nytt fra KFU (Kristian) Kristian og Ingveig orienterte frå Dialogmøtet med politikarane i levekår 24.04.25. Viktig å få møta politikarane og få snakka om kva skulane i Time gjer og har fokus på.

Sak 46. Anna

Dekke i ballbingen: Årne Skrettingland arbeidar med å få nyare dekke i ballbingen.

Trafikksikringstiltak: Kristian har sjekka opp plan for trafikksikring i kommune. Den skal reviderast i år. Ingveig sender inn mail til kommunen og etterspør saksgang og oppdatering undervegs i 10-årsplanen som skal reviderast i 2025.

Neste FAU 27.05 18.00-19.30.

Ref. Zofia Nedrebø